

Friluftsplassen er snart ferdig rydda.

09.10.2018



Heile det store arealet som utgjør Friluftsplassen/Stemneplassen er snart ferdig rydda.

Uskedal Friluftslag eig det som til vanleg vert kalla Stemneplassen. Med tilskot frå ordninga Utsiktsrydding i tilknytning til landbruket sitt kulturlandskap er plassen snart ferdig rydda for buskar, kratt og mindre vegetasjon. Arbeidet er rekna å vera ferdig innan utgangen av oktober. Friluftsplassen i Uskedalen har to bruksnummer med det opphavslege arealet som går frå Kjærlandsvegen mot toppen på Skårhaug og eit tilleggsareal vest for scenen og møterommet.

På sist styremøte vart det bestemt at heile arealet skal ryddast. Det vert gjort for å få fram kulturlandskapet og på den måten leggja til rette for friluftsliv og demed auka opplevingsverdien på plassen. Det som står att av vegetasjon, er i grensa mot naboane i Skårhaug og på tilleggstomten. Til våren held arbeidet fram med sprøyting. Arbeidet så langt er gjort med innleigd arbeidshjelp gjennom Avløysarlaget.



Uskedalen er ei av få bygder som har ein friluftsplass i sentrum. Det står att ligg arbeid med å rydda vegetasjon i grensa mot naboane i Skårhaug.

Styret har dei siste åra arbeidd målretta med å gjera plassen kjend og auka bruken. Mange småbarnsforeldre har funne plassen godt eigna til barneselskap. Møterommet vert mykje brukt til ulike samlingar og nokre organisasjonar har avtale om fast årsleige. Gapahuken på toppen vert brukt av skulen og barnehagane og elles dei som ynskjer ei fin stund ute i naturen.

Det er på nytt søkt SpareBank 1-stiftinga, Kvinnherad om midlar til slatteutstyr og varmpumpe. Ei varmpumpe vil redusera elkostnader og gje eit betre inneklima i møterommet. Det vert arbeidd vidare med å finna ei løysing på problemet med kodens og fukt frå betongplata.

Meir om utleige finn du på Stemneplassen i venstre kolonne her på sida. Kontaktperson for utleige: Kristian Bringedal - mobil: 915 31 487

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Møterommet vert mykje brukt til møte, barneselskap og andre samlingar.